



MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Telefonmøte
Møtedato	04.07.2018
Kl.	09:00 – 10:45

Faste medlemer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V

Forfall til møtet:

Hilmar Høl, Ap

Varamedlemer til stades:

Jakob André Sandal, SV

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesrådmann Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Merete Husabø Nornes

Merknader til innkallinga: Nokre av medlemene i fylkesutvalet gjorde merksam på at dei ikkje fekk laste ned sakene i OneNote.

Ingen merknader til saklista.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Jakob André Sandal til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Munnlege orienteringar:

- ✓ Fylkesrådmannen orienterte om KMD si erfaringssamling i oktober 2018 for fylkeskommunar som skal slå seg saman. Frå politisk side vert Sogn og Fjordane fylkeskommune sine medlemer i fellesnemnda sitt arbeidsutval påmeldt. Frå administrativ side vert det slik deltaking: Fire hovudtillitsvalde, fylkeshovudverneombodet, fylkesrådmannen, assisterande fylkesrådmann, fylkesordføraren sin rådgjevar og Sogn og Fjordane fylkeskommune sine to medlemer i prosjektsekretariatet.
- ✓ Fylkesrådmannen orienterte om leiarutviklingsprogrammet.
- ✓ Fylkesordføraren orienterte om det ledige styrevervet i Euromontana, jf. orientering og drøfting om dette på møtet i fylkesutvalet 20. juni. Fylkesutvalet beslutta at fylkeskommunen no skal fremje fylkesordføraren som kandidat til vervet.
- ✓ Fylkeskommunen har tidlegare takka ja til å vere vertskap for eit besøk frå provinsen Ningxia i Kina, jf. avgjerd i fylkesutvalet sitt møte 4. april 2018. Fylkesordføraren orienterte om svaret frå Ningxia på invitasjonen frå fylkeskommunen.
- ✓ Fylkesordføraren orienterte om fylkeskommunen si deltaking på oljemessa 2018. Petroleumsrådet deltek. Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar vil ha felles stand.

SAK 78/18 Skaldegard - ny handsaming

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Skaldegard AS får mellombels løyvefritak for persontransport fram til 30. april 2019. Fylkesutvalet (FU) legg til grunn at det vert vedteke prinsipp knytt til løyvefritak før 1.april 2019, jf. FU sitt vedtak i sak 29/18.
2. Det mellombelse løyvefritaket gjeld for ei vogn som skal vere uniformert med selskaps-logo. Fylkeskommunen skal til ei kvar tid vere underretta om kva motorvogn (reg.nr) som vert nytta.
3. Det mellombelse løyvefritaket gjeld for personreiser innanfor Aurland kommune og gjeld reiser til og frå aktivitetar i Skjerdal i regi av Skaldegard AS.
4. Generelle krav iht. gjeldande regelverk må verte stetta. Løyvefritaket vil kunne trekkast tilbake med umiddelbar verknad dersom desse krava ikkje vert ivaretekne.
5. Dersom Skaldegard AS får medhald i klagen som er til handsaming i Samferdsle-departementet vil dette mellombelse løyvefritaket falle bort og bli erstatta av eit vanleg løyvefritak (3 år).
6. Dersom Skaldegard AS ikkje får medhald i klagen sin, vil dei kunne nytte det mellombelse løyvet fram til 1. april 2019, dvs. fram til fylkeskommunen har gjort vedtak om sin prinsipielle politikk på området.

Endringsframlegg:

Sigurd Reksnes sette fram slikt framlegg:
Punkt fem vert tatt ut av framlegget til vedtak.

Avrøysting:

Punkt 1 -4 i fylkesrådmannen si tilråding vart samrøystes vedtekne.
Endringsframlegget frå Sigurd Reksnes fekk 6 røyster og vart vedteke mot røystene til Gunhild Berge Stang, Trude Brosvik og Bjørn Erik Hollevik.
Fylkesrådmannen si tilråding punkt 6 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Skaldegard AS får mellombels løyvefritak for persontransport fram til 30. april 2019. Fylkesutvalet (FU) legg til grunn at det vert vedteke prinsipp knytt til løyvefritak før 1.april 2019, jf. FU sitt vedtak i sak 29/18.
2. Det mellombelse løyvefritaket gjeld for ei vogn som skal vere uniformert med selskaps-logo. Fylkeskommunen skal til ei kvar tid vere underretta om kva motorvogn (reg.nr) som vert nytta.
3. Det mellombelse løyvefritaket gjeld for personreiser innanfor Aurland kommune og gjeld reiser til og frå aktivitetar i Skjerdal i regi av Skaldegard AS.
4. Generelle krav iht. gjeldande regelverk må verte stetta. Løyvefritaket vil kunne trekkast tilbake med umiddelbar verknad dersom desse krava ikkje vert ivaretekne.

5. Dersom Skaldegard AS ikke får medhald i klagen sin, vil dei kunne nytte det mellombels løyvet fram til 1. april 2019, dvs. fram til fylkeskommunen har gjort vedtak om sin prinsipielle politikk på området.
-

**SAK 79/18 Søknad om løyvefritak for småskala turistverksemد
Flåm Guideservice AS**

VEDTAK:

1. Flåm Guideservice AS får mellombels løyvefritak for persontransport gjeldande til 30.04.19. Fylkesutvalet (FU) legg til grunn at det vert vedteke prinsipp knytt til løyvefritak før 01.04.19, jf. FU sitt vedtak i sak 28/18.
 2. Det mellombels løyvefritaket gjeld for 2 motorvogner som skal vere uniformerte med selskapslogo. Fylkeskommunen skal til ei kvar tid vere underretta om kva motorvogn (reg.nr) som vert nytta.
 3. Det mellombels løyvefritaket gjeld for personreiser i Aurland kommune og gjeld reiser til og frå aktivitetar i Aurland i regi av Flåm Guideservice AS.
 4. Generelle krav iht. gjeldande regelverk må vere stetta før nemnde løyvefritak vert gjeve. Løyvefritaket vil kunne trekkast tilbake med umiddelbar verknad dersom desse krava ikkje vert ivaretekne.
-

SAK 80/18 Endringar i møtekalender for 2018

Saka vart fremja i møtet.

Framlegg:

Etter drøfting gjorde fylkesutvalet framlegg om følgjande endringar til møtekalendaren for 2018:

Møte i finans- og fylkesutvalet 15.10.18 vert flytta til 18.10.18.

Møtet i fylkestinget 16.10.18 vert flytta til 19.10.18.

Møte i finans- og fylkesutvalet 29.10.18 vert flytta til 02.11.18.

Møtet med Stortingsbenken 19.10.18 vert forsøkt flytta til 26.10.18, alternativt 22.10.18.

Avrøyting:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Møte i finans- og fylkesutvalet 15.10.18 vert flytta til 18.10.18.

Møtet i fylkestinget 16.10.18 vert flytta til 19.10.18.

Møte i finans- og fylkesutvalet 29.10.18 vert flytta til 02.11.18.

Møtet med Stortingsbenken 19.10.18 vert forsøkt flytta til 26.10.18, alternativt 22.10.18.

